

**Skatteetaten**Saksbehandlar
Anders Hansen

Dykkar dato

Vår dato
13.02.2015Direkte tlf
800 80 000

Dykkar referanse

Vår referanse
2014/98819Kommunesstyret i Lindås kommune
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
17. 02. 2015	
Art. saknr 14/2062	Leiar
Betalt	Tilgangskode

Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Lindås kommune**1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen**

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret**2.1 Bemanning**

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen (samla) iht. kemneren sin årsrapport:

Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013	Tal årsverk 2012
6,5	5,7	5

Postadresse
Skatt vest
Njøsavegen 2
6863 Leikanger
skatteetaten.no/sendepostBesøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr: : 991733108Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01



2.2 Organisering

Nordhordland kemnerkontor er et interkommunalt samarbeid mellom kommunane Lindås, Meland, Modalen, Osterøy, og Radøy og vart etablert 01.01.2010.

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Lindås kommune viser per 31. desember 2014 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 2 038 838 751 og uteståande restansar² på kr 31 886 941, av dette krav stilla på vent kr 1 897 204. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2015.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2014 for Lindås kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2012	86,1	95,5	96,0	95,7	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2013	564,5	99,1	99,8	99,7	99,8
Forskotskatt personlege skattytarar 2013	135,2	99,5	99,0	99,5	99,4
Forskotttrekk 2013	1 113,1	99,7	99,9	99,8	99,9
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2013	166,7	100,0	99,8	99,8	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2012	68,4	98,0	99,0	96,6	99,1

Resultatkrav (i %) gjeld for Nordhordland kemnerkontor samla.

For Lindås kommune er resultata:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2012	35,2	94,9		94,3	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2013	237,0	99,9		99,8	99,8
Forskotskatt personlege skattytarar 2013	53,2	99,5		99,5	99,4
Forskotttrekk 2013	456,6	100,0		99,9	99,9
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2013	67,1	100,0		100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2012	31,2	99,9		98,8	99,1

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



Særskilte merknader til innkrevjingsresultata: Kemneren skriv i årsrapporten "*Det er store krav i konkursbu – totalt kr. 16 411 978. Dette er krav som ikkje kan innkrevjast, og som gjer seg utslag på resultatet. Store endringssaker på restskatt person med forfall i slutten på 2014, ga dårlegare resultat enn forventa.*"

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Resultat for Nordhordland kemnerkontor per 31. desember 2014 viser i følge kemneren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2014	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utførte kontrollar 2012 (i %)	Utført kontroll 2014 region (i %)
1 149	57	53	4,6	5,0	5,0	4,6

Særskilte merknader til arbeidsgjevarkontrollen: Kemneren skriv i årsrapporten at : "*Personalressurs på arbeidsområdet er 2 årsverk, og i tillegg 0,4 årsverk til oppgåvekontroll. I 2014 har vi hatt redusert personalressurs på grunn av permisjon, og har hatt 1.9 årsverk til å utføre arbeidsgjevarkontroll. Hordaland kommunale regnskapskontroll har ikkje gjennomført arbeidsgjevarkontroll for Nordhordland kemnerkontor i 2014*".

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2014 gjennomført stadleg kontroll av kemnerkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 25. april 2014.

Skattekontoret har i 2014 i tillegg gjennomført kontorkontroll av områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Kemnerkontoret har gjeve tilbakemelding på tilrådingar som er gjevne.

5. Resultat av utført kontroll

• Intern kontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at kemneren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

• Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.



- **Skatte- og avgiftsinnkrevjing**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført med eit tilnærma tilstrekkeleg omfang.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2014 gjeve tilrådingar som er meddelt kemneren i rapport av 13. juni 2014.

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Lindås kommune
- Norhordland kemnerkontor
- Riksrevisjonen